



Volda kommune

Innkalling

Utval:	Partsamansett utval
Møtestad:	Voldasfjorden, Volda Rådhus
Dato:	04.06.2019
Tid:	Kl. 08:30

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicekontoret på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på www.volda.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
01/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/10198
02/19	Godkjenning av protokoll	19/10198
03/19	Kompensasjon ved skifte av arbeidsstad i nye Volda	19/10120
04/19	Permisjonsreglement for nye Volda kommune	19/10120
05/19	Arbeidsreglement for nye Volda	19/10120
06/19	Orienteringar	19/10198
01/19	Prosess tilsetting av nye leiarar i nye Volda kommune	19/10120
02/19	Organisasjons- og stillingsskildring nye Volda kommune	19/10120
03/19	Forventingar til leing i nye Volda kommune	19/10120

Volda, 29.05.2019

Jørgen Amdam
ordførar



Vår referanse: 19/10198 19/10380

Saksbehandlar: Sunniva Utnes
Kvangarsnes

Dato: 29.05.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
01/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
Sektorleiar, kultur og service



Vår referanse: 19/10198 19/10381

Saksbehandlar: Sunniva Utnes
Kvangarsnes

Dato: 29.05.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
02/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Godkjenning av protokoll

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
Sektorleiar, kultur og service



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
03/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Kompensasjon ved skifte av arbeidsstad i nye Volda

Samandrag:

Kommunesamanslåinga mellom Hornindal og Volda kommune får som konsekvens at nokre tilsette får skifte av arbeidsstad/oppmøtestad. For dei som får auka reiselengde med 20 kilometer eller auka reisetid med meir enn 15 minutt, blir det gitt ei tidsavgrensa kompensasjon. Den tilsette kan velje mellom ein økonomisk kompensasjon for auka reiseutgifter opp til kr 25 000, eller få auken i reisetid lagt inn i arbeidstida. Kompensasjonen må søkast om. Kompensasjonen er avgrensa til 2 år, frå 01.01.20 til 31.12. 2021.

Rådmannen si tilråding:

1. Tilsette som på grunn av kommunesamanslåinga får endra arbeidsstad/oppmøtestad, får ein kompensasjon for a) auka reiseutgifter eller b) auka arbeidstid. Den tilsette må vele mellom alternativ a og b.
2. Tilsette som får meir enn 20 kilometer lengre reiseveg kan få ein kompensasjon på opp til 25 000 kroner pr. år.
3. Tilsette som får meir enn 15 minutt lengre reiseveg, kan få denne auken lagt inn i arbeidstida
4. Den tilsette må søkje om slik kompensasjon
5. Ordninga er tidsavgrensa og varar frå 01.01.2020 til 31.12.2021.

Vedlegg:

Døme frå andre samanslåingar - kompensasjon ved skifte av arbeidsstad

Saksopplysningar:

I omstillingsavtalen til nye Volda kommune er det i pkt 8 sagt følgjande om kompensasjon:

8. Personlege avtalar

Dersom tilsette i den nye kommunen må skifte arbeidsstad mellom dei noverande kommunane og vert påført ekstra kostnader eller reisetid mellom gamal og ny arbeidsstad, skal det vere utarbeidd ein tidsavgrensa kompensasjon.

Prinsipp for ein slik kompensasjon skal fastsettast i eigne drøftingar mellom partane.

Kompensasjonen skal sørge for at flest muleg av dei tilsette har moglegheit til å fortsette sitt arbeidsforhold i ny kommune, samt redusere tap av kompetanse i ei kritisk fase.

Det leggst opp til to måtar å kompensere den enkelte for ulempa ved skifte av arbeidsstad.

a) Kompensasjon for auka reisekostnader

ELLER

b) Kompensasjon for auka reisetid

a) Kompensasjon for auka reisekostnader

Dei som får auka reiseveg med meir enn 20 kilometer, kan få opp til kr 25 000 i årleg kompensasjon.

Kompensasjonen skal søkast om av kvar enkelt tilsett på eige skjema.

Kompensasjonen er utrekna ut frå 100 % stilling, og reduserast tilsvarande.

b) Kompensasjon for lengre reisetid

Arbeidstakarar som får meir enn 15 minutt lengre daglig reisetid, får meirreisetid kompensert med inntil ein time kvar dag inkludert i arbeidstida. Med meirreisetid menes reisetid til nytt arbeidsstad minus reisetid til dagens arbeidsstad.

Kompensasjonen er avgrensa til dei dagane den tilsette faktisk køyrer den aktuelle strekninga. Ved eventuelle arbeidsdagar på noverande/tidlegare arbeidsstad gjeld ordinær arbeidstid for nye Volda kommune.

Kompensasjonen skal søkjast om av kvar enkelt tilsett på eiga skjema. Kompensasjon blir gitt i høve stillingsprosent/tal på dagar i jobb.

Gyldigheit og periode

Kompensasjonen gjeld for fast tilsette som får endra arbeidssted som en konsekvens av samanslåinga. Nye arbeidstakarar, tilsett etter 31.12.19 omfattas ikkje av ordninga.

Kompensasjon for auka reisekostnader eller auka reisetid kan givast i perioden 01.01.2020 -31.12.2021 (2 år).

Drøftingar med tillitsvalde

Saka er drøfta i felles kontaktmøte med hovudtillitsvalde får Hornindal og Volda. I drøftingane kom det innspel om at dei tilsette dette gjeld bør få både økonomisk kompensasjon og auka reisetid inn i arbeidstid. Dei har og kome med innspel om at tidsperioden for denne kompensasjonen bør vere 3 år. Administrasjonen har vurdert dette. I vedlegget «Døme frå andre samanslåingar – kompensasjon ved skifte av arbeidsstad», er det samla eksempel frå andre samanslåingar av ulik type. Her kjem det fram det mange kommunesamanslåingar har som utgangspunkt at tilsette *ikkje* har rett på kompensasjon for auke i reisetid eller reisekostnader. Av lokale eksempel vart det gitt kompensasjon ved etableringa av SSIKT, men ikkje ved etablering av interkommunalt barnevern og t.d når Volda kommune gjekk inn i interkommunalt PPT i Ulstein. Med utgangspunkt i dette har arbeidsgivar stått fast på ordninga slik den er foreslått i denne saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Permisjonsreglement for nye Volda kommune

Samandrag:

Forslag til permisjonsreglement byggar på det eksisterande reglementet i dei to kommunane i dag, og omhandlar rettar og pliktar for dei tilsette i den nye kommunen. Reglementet har vore på høyring. Høyringssvara ligg vedlagt. Arbeidsgivar har gitt sine merknadar til svar i eit felles dokument.

Rådmannen si tilråding:

1. Permisjonsreglementet som ligg vedlagt blir vedteken som gyldig for nye Volda kommune frå 01.01.2020
2. Framtidige revisjonar skal vedtakast i Administrasjonsutvalet
3. Rådmannen, eller den har delegerer til, blir bedt om å syte for jamleg revisjon.

Vedlegg:

Høyringsnotat permisjonsreglement
Permisjonsreglement versjon 1.0
Arbeidsgivars kommentar til høyringssvar i eit dokument
HTV Hornindal kommune - felles høyringssvar arbtid og perm reglement ny kommune
HTV Volda - generelt om høyringsutale permisjonsreglement og arbeidsreglement 200519
HTV Volda kommune - felles høyringsutale til permisjonsregelement 200519
Høyringsuttale permisjonsreglement Tekna og Samfunnsviterne Volda kommune
HØYRINGSSVAR PERMISJONSREGLEMENT - samledokument
Vedlegg 1 RETNINGSLINER FOR TILSETJINGSTILHØVE I SAMBAND MED OPPHØYR AV RETT TIL SJUKELØN 0.1
Vedlegg 2 Permisjonsføresegner 0.1
Vedlegg 3 Definisjonar 0.1

Saksopplysningar:

Forslag til permisjonsreglement byggar på det eksisterande reglementet i dei to kommunane i dag, og omhandlar rettar og pliktar for dei tilsette i den nye

kommunen.

Det har vore ein gjennomgang i ei arbeidsgruppe av arbeidsgivarrepresentantar frå Hornindal og Volda. Reglementet er også gått gjennom i Arbeidsgruppa for personalsaker, der både arbeidstakar- og arbeidsgivarrepresentantar sit.

Reglementet har vore til høyring, og høyringssvara ligg vedlagt. Vedlagt ligg også arbeidsgivars merknadar til innkome svar. Etter høyringsfristen vart det justeringar på bakgrunn av dei innspela som kom inn.

Om mynde i permisjonssaker

Delegeringsfullmakter til leiarar i kap 3.4.2 og 3.4.3 er ikkje utsteda enda.

Arbeidsgivar vil

kome attende med ei oversikt over kva mynde som vert gitt, og kven som vil få fullmakt til å

fatte vedtak på søknadar. Det er ei målsetting at handsaminga av søknadar skal vere ubyråkratisk og effektiv, samstundes som at tilsette blir handsama likt på tvers av avdelingar og sektorar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
05/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Arbeidsreglement for nye Volda

Samandrag:

Forslag til arbeidsreglement byggar på dei eksisterande reglementet i dei to kommunane i dag, og omhandlar rettar og pliktar for dei tilsette i den nye kommunen. Reglementet har vore på høyring. Høyringsvara ligg vedlagt. Arbeidsgivar har gitt sine merknadar til svar i eit felles dokument.

Rådmannen si tilråding:

1. Arbeidsreglementet som ligg vedlagt blir vedteken som gyldig for nye Volda kommune frå 01.01.2020
2. Framtidige revisjonar skal vedtakast i Administrasjonsutvalet
3. Rådmannen, eller den har delegerer til, blir bedt om å syte for jamleg revisjon.

Vedlegg:

Høyringsnotat arbeidsreglement
Arbeidsreglement Nye Volda 1.0
Arbeidsgivars kommentar til høyrings svar samla i eit dokument
HTV Hornindal - felles høyringsuttale arbeidsregelement
HTV Volda - felles høyringsuttale arbeidsregelement 200519
HTV Volda - felles uttale om arbeidsreglement generelt 200519
Høyringsuttale arbeidsreglement Tekna og Samfunnsviterne i Volda kommune
Høyrings svar frå brannsjef Roy Inge Heltne

Saksopplysningar:

Forslag til arbeidsreglementet byggar på det eksisterande reglementet i dei to kommunane i dag, og omhandlar rettar og pliktar for dei tilsette i den nye kommunen.

Det har vore ein gjennomgang i ei arbeidsgruppe av arbeidsgivarrepresentantar frå Hornindal og Volda. Reglementet er også gått gjennom i Arbeidsgruppa for

personalsaker, der både
arbeidstakar- og arbeidsgivarrepresentantar sit.

Reglementet har vore til høyring, og høyringssvara ligg vedlagt. Vedlagt ligg også
arbeidsgivars merknadar til innkome svar. Etter høyringsfristen vart det gjort
justeringar på bakgrunn av dei
innspela som kom inn.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef



Vår referanse: 19/10198 19/10382

Saksbehandlar: Sunniva Utnes
Kvangarsnes

Dato: 29.05.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
06/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Orienteringar

Underliggende sak:

Saknr.	Tittel
01/19	Prosess tilsetting av nye leiarar i nye Volda kommune
02/19	Organisasjons- og stillingsskildring nye Volda kommune
03/19	Forventingar til leing i nye Volda kommune

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
Sektorleiar, kultur og service



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
01/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Prosess tilsetting av nye leiarar i nye Volda kommune

Samandrag:

I drøftingsmøte med dei tillitsvalde vart det lagt opp til ein prosess i kvar sektor for å handtere endringar som følgje av kommunereforma. Den vedtekne prosessen vart fylgt opp av sektorsjefane og dei hovudtillitsvalde frå kvar ressursgruppe. Personalsjefen har vore tett på prosessen for å ivareta eventuelle arbeidsrettslege spørsmål.

Rådmannen si tilråding:

Partssamansett utval tek prosessen rundt tilsetting av leiarar i nye Volda kommune til vitande

Vedlegg:

PROSESS tilsetting av leiarar i nye Volda kommune 1.0

Vurdering og konklusjon:

Gode leiarar skapar eit godt arbeidsmiljø som virka positivt på nærvær.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
02/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Organisasjons- og stillingsskildring nye Volda kommune

Samandrag:

Hornindal og Volda kommune nyttar mange ulike nemningar på ulike stillingar, både i kap 3 og i kap 4. Det er eit mål å ha ei felles nemning slik at alle veit kva nivå i organisasjonen vi snakkar om og kva innhald det er i dei ulike stillingane. Leiargruppa i nye Volda kommune har kome fram til ei oversikt, som også ligg tett opp til Hovudtariffavtalen sine nemningar. Dette hindrar ikkje sektorane å bruke andre nemningar i det daglege. T.d vil ein kalle ein avdelingsleiar på ein skule for rektor. Saka er drøfta med dei tillitsvalde.

Rådmannen si tilråding:

Partssamansett utval tek dokumentet «Organisasjons- og stillingsskildring i nye Volda kommune» til vitande

Vedlegg:

Organisasjons- og stillingsskildring i nye Volda kommune 2.0

Vurdering og konklusjon:

Gode leiarar skapar eit godt arbeidsmiljø som virka positivt på nærvær.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
03/19	Partsamansett utval	04.06.2019

Forventingar til leing i nye Volda kommune

Samandrag:

Å bli stilt tydelege forventningar til, er ofte ein føresetnad for å lykkas. Leiargruppa i nye Volda kommune har difor jobba fram eit forventningsskriv til dei som skal vere leiar i den nye kommunen. Dette er forventningar til leiarar på alle nivå. Forventningsskrivet er bygd på grunnleggande og anerkjent forskning og teori om leing. Skrivet er sendt ut til alle som har ei leiarstilling i Hornindal og Volda i dag, og vil bli jobba systematisk med i den nye kommunen.

Rådmannen si tilråding:

Partssamansett utval tek dokumentet «Forventningsskriv til leiarar i Volda kommune» til vitande

Vedlegg:

FORVENTINGAR TIL LEIING I VOLDA KOMMUNE 5.0

Vurdering og konklusjon:

Gode leiarar skapar eit godt arbeidsmiljø som virka positivt på nærvær.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef